

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Skåre.

Emne: Ymse attåtfôr.

Bygdelag:

Oppskr. av: Andreas Ropeid.

Gard:

(adresse):

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Avskrift or brev frå Svein Steinsnes 29/12 1960.

SVAR

"Attmed den gamle stölsvegen paa Steinsnes i Skaare er det ein stor stein, truleg kring 75 cm hög og noksaa flat oppaa. Steinen heiter Beinasteidn. Ein gong spurde eg han far kvifor steinen heitte Beinasteidn, og han far sa han kunne tenkja seg to ting det kunne koma av. Det eine var at folk som kom or marki med lyngbör, alltid kvilde paa Beinasteidn, og at dei kanskje meinte at steinen paa den maaten gjorde dei ei beina. Det andre var - og det er mest truleg - at naar kröteri var paa stölen, kokte dei fiskehovud, fiskebein (ryggbein) og hövrинг (krabbe skriv dei helst no) til kyrne og bar det paa vassel(e) til stölen. Attmed Beinasteidn sette dei "Ferdi" fraa seg og slo sund beini og hövringen paa Beinasteidn. Steinen skulle altsaa heita saa avdi dei brukte han til aa slaa sund beini paa.
 Kyrne lika denne maten svært godt, og det var nok ikkje berre naar dei var paa stölen, at dei fekk det."